



Orrfugleik i området ved Mannsvatnet. (Foto: Ståle Eik)

Laurdag 26. og søndag 27.april vert det overnattingstur med Barnas Turlag til Storhaug for å sjå på orrfugleiken, fortel Odd Steinar Arnesen

- Korleis blir opplegget for turen?
- Gruppa går frå Haugland laurdag. Turen går på skogsveg, og vil ta ca. to timar i roleg tempo. Etter skogsvegen må vi gå 200-300 meter før vi set opp leiren, som vil bestå av to lavvoar, og eventuelt eit par telt. Etter at leiren er sett opp, vil vi ha ulike aktivitetar i området rundt Storhaug. Kanskje vil nokon ta turen inn til Mannsvatnet?

Vi vil så prøve å komme til ro slik at vi kan få med oss kveldsspelet som normalt føregår i skumringa. Når så mørkret kjem, vil det vera fint om vi får oss nokre timar med søvn, for spelet startar att tidleg på morgonen. Etter at morgonspelet er over, lagar vi oss frukost og slappar litt av, før vi riggar ned leiren og set turen heimover samme vegen som vi kom.



Odd Steinar Arnesen skal leia orrfugleikturen, men her er han i ei anna rolle - som indianar ved Fjellandsbø! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vi har vore oppe i det aktuelle området og sjekka, og alt tyder på at dette kan bli ein spanande tur. Klarar vi å halda oss rolege nok, så er sjansane store for at vi vil få sjå orrfugleik ein av desse dagane.

- Er det nokon aldersgrense for turen?
- Det har vi ikkje satt, så i utgangspunktet er den open for born i alle aldrar. Men det er viktig at vi kan halda oss rolege over litt tid for at det skal bli mogeleg å sjå fuglane.
- Andre praktiske ting som ein må hugsa på?
- Kvar og ein tek med seg mat og drikke for turen, og vi kan grilla om kvelden og morgonen. Det er mogeleg å parkere for nokon ved skogsvegen, som ligg på Kjærlandssio, ca.200 meter nedanfor Hauglandskrysset oppe i Uskedalen.

Det kjem annonse i lokalavisene for påmelding og nærare informasjon, opplyser Odd Steinar.